



Økland-huset: eit forprosjekt for ny modell for forvaltning og drift av kunstnarheimar

Ulvik / Leirvik, 20.8.2017

1 Samandrag

Forfattar Einar Øklands unike samlingar er av stor kulturhistorisk verdi. Hauge-senteret og Sunnhordland museum vil utgreie nye samarbeidsmodellar for forsking på samlingar og bruk av hus. Det er unikt at kunstnaren sjølv deltek i ein slik prosess.

Bruk og forvaltning av kunstnarheimar blir sjeldan drøfta medan kunstnaren framleis er aktiv. Økland-samlingane inneheld mykje som ikkje finst i nokon andre samlingar i Noreg. Å opne samlingane kan få fram ny kunst og kunnskap og opne for ny formidling, særleg om nynorsk skriftkultur i alle former og format.

Eit så sjenerøst initiativ frå kunstnaren fortener eit grundig svar frå offentleg forvaltning og sjølvstendige kulturinstitusjonar der vertskommunens rolle også blir avklara. Prosjektet skal avklare ansvarsfordelinga med familien. For å sikre komplementær fagkunnskap i prosjektet skal to museum samarbeide. Dette opnar for nye perspektiv og nye modellar for drift av slike kunstnarheimar, og kan bidra til å sikre den nyare kulturhistoria.

2 Bakgrunn

Hauge-senteret la i mars 2017 fram rapporten *Stader for skrift*. Der drøfta vi mellom anna ulike problemstillingar og modellar for forvaltning av diktarbustader i Hordaland. Særleg framheva vi forfattaren og kulturhistorikaren Einar Øklands heim i Valevåg i eit eige kapittel om Økland-huset.

Einar Økland hadde då på eige initiativ kontakta Hordaland fylkeskommune, Sveio kommune, Sunnhordland Museum og Nynorsk kultursentrum for å få vurdert korleis heimen og samlingane kan formidlast og forvaltast i framtida.

Bruk og forvaltning av ein kunstnarheim blir sjeldan drøfta medan kunstnarskapen framleis er aktiv. I dette tilfellet handlar det jamvel om ein kunstnarheim med unike samlingar av stor kulturhistorisk og kunstnarleg verdi.

Derfor etablerte leiinga ved Sunnhordland Museum og Nynorsk kultursentrum i 2016 eit samarbeid for å finne fram til beste løysinga og avklare om det er grunnlag for ein eller begge institusjonar å gå inn i eit slikt prosjekt. Styra i institusjonane gav grønt lys for arbeidet og vil i neste omgang konkludere ved ulike milepålar.

3 Ny modell for forvaltning av ein kunstnarheim

Kunstnarheimar må ikkje alltid bli museum i tradisjonell forstand. Sjølvsagt er det viktig at samlingar blir registrerte og digitaliserte, og unika må handsamast i tråd med dei retningslinjene som gjeld. For nokre år sidan ytte Kulturrådet vesentleg støtte til digitalisering av delar av Økland-samlingane i regi av Bergen offentlege bibliotek. Noko av denne dokumentasjonen er tilgjengeleg på nettstaden til biblioteket.

Gjennom eit forprosjekt vil vi kartlegge kva delar av Økland-samlingane som krev slik handtering. Økland vil ikkje gi samlingane til eit museum eller bibliotek, der han fryktar dei blir delte opp og sette vekk i arkiv og magasin. Han ønsker at dette kan bli ein stad der lekfolk og fagkunnige lett kan sjå og bruke samlingane, eller bruke staden som skrivestad for ein periode, til kurs, seminar, foredrag m.m.

Han ser for seg få restriksjonar for bruken, men gjennom samtalar har vi fått tilslutning til at delar av samlingane er så unike at dei bør sikrast spesielt i låste rom.

I eit av dokumenta frå hans side heiter det: «I periodar av året skal ein nynorsk kunstnar, forskar el. l. kunne bu gratis i våningshuset mens vedkomande arbeider eller studerer. I eit visst antal ferieveker skal eigarenes barn eller barnebarn ha høve til å bu i huset. I tilfelle det er aktuelt, skal Valen-senteret kvart år ha høve til å innkvartere ein utanlandsk komponist eller musikkfagleg person for ein periode».

Økland vil ha det han kallar eit nynorskbaseret tiltak som kan gi impulsar til forsking og dokumentasjon. Det skal ikkje vere bunde til eller avgrensa til hans eigen forfattarskap, og han ser gjerne at det blir halde arrangement i huset eller hagen i eit avgrensa omfang.

Dette opnar for å vurdere nye modellar for drift og forvaltning av ein kunstnarheim. Ved å legge til rette for kunstnar- og forskaropphald i bygningane blir dette ein stad der det har vore dikta og forska, og framleis kan bli forska og dikta. Ny kunst og kunnskap vil oppstå i samspel med Øklands unike kunstnarskap og samlingsprosjekt. Økland-huset vil slik bli ein levande stad for skrift som gir rom for ny kunnskap og formidling i framtida.

Korleis dette kan organiserast, finansierast og forvaltast på ein funksjonell og «ikkje-institusjonell» måte, er det vi vil utgreie i forprosjektet. Korkje Nynorsk kultursentrums eller Sunnhordland Museum ser for seg museumsdrift i tradisjonell forstand. I staden vil vi vurdere korleis Øklands forfattarskap, kunnskap og kulturelle engasjement kan vidareutviklast og aktualiserast i samtid og framtid, og kva som då kan ha overføringsverdi til andre prosjekt. I dette ligg også å identifisere sentrale samarbeidspartar, identifisere samarbeidsflater og definere mål for slike samarbeidsprosjekt.

Økland har indirekte skildra fragment av samlingane i ei mengd essay og artiklar der han har brukt eige materiale. For å få eit nødvendig oversyn blir det viktig å utarbeide ein samla dokumentasjon som over tid kan utvidast og spesifiserast. Alt no kan vi slå fast at samlingane er for store og mangslungne til at det gir mening eller er økonomisk forsvarleg å detaljregistrere alt. Denne dokumentasjonen blir eineståande fordi vi dreg vekslar på forfattarenes eigen kunnskap – det dreiar seg om ei planlagd ettertid.

Forprosjektet skal også brukast til å leite fram fleire sider ved formidling av ein slik stad og slike samlingar. Der vil vere mange digitale og audiovisuelle forteljingar som kan lagast om Økland som kunstnar og kulturhistorikar, hans rolle og perspektiv i ei litterær brytingstid, staden, husa og bygningane som har vore føresetnader for forfattarskapen, og ikkje minst samlingane som med Øklands kunnskap og frie blikk fortel historia om korleis skrift og bilde har forma kvardagen for folk flest. Desse forteljingane har gitt felles referansepunkt gjennom barndom og utdanning på veg inn i det moderne og rike Noreg.

Mange store spørsmål melder seg, og vi treng tid og midlar til å finne fram til dei beste svara. I det arbeidet dreg vi vekslar på all røynsle vi har utvikla gjennom eige arbeid med tre museum for språk og litteratur i tre fylke (Nynorsk kultursentrums) og med mange avdelingar i ein vid region (Sunnhordland Museum). Musea vil dra vekslar på dei museumsfaglege nettverka vi er med i. Nynorsk kultursentrums går i haust i gang med å utvikle ein komplett utstyllingsplan for Vinje-senteret for dikting og journalistikk i Telemark. Som ein del av det arbeidet blir det gjennomført ein studietur til nokre av dei



fremste musea i andre land for å forstå betre kva som er mogleg og kva som er nødvendig. Denne kunnskapen vil bli stilt til rådvelde for forprosjektet.

Ved å aktualisere og drøfte desse problemstillingane kan vi som museum tilføre meir kunnskap og nye perspektiv, vonar vi.

4 Forfattaren, kulturhistorikaren, samlaren

Einar Økland, fødd 1940 i Sveio, diktar og essayistisk kulturhistorikar, er ein av dei mest allsidige nolevande norske forfattarane. Frå og med diktsamlinga *Ein gul dag* i 1963 har han gitt ut om lag 80 bøker i nær sagt alle sjangrar. Sjølv seier han at han skriv helst dei bøkene han reknar med at ingen andre kjem til å skrive.

Økland fekk Brages hederspris 2015, og juryen framheva den omfangsrike forfattarskapen:

«Det finnes forfattere som kunne vært nominert i samtlige klasser Brageprisen har. Det er en slik forfatter vi vil hedre i dag. Forfatteren har, gjennom et langt forfatterskap, vist seg som en av våre beste lyrikere, dramatikere, barnebokforfattere, ungdomsbokforfattere, novellister, essayister, romanforfattere og sakprosaforfattere. Ved siden av sitt forfatterskap, har dagens hedersprisvinner vært en viktig litteraturkritiker og konsulent for en hel generasjon forfattere. Forfatteren var også sentral i kretsen rundt tidsskriftet 'Profil'. Formidling av andres litteratur har alltid vært viktig for hedersprisvinneren vår. Så var han også en av de tre som tok initiativet til å opprette Norsk Forfattersentrum i 1968.»



Økland har gjennom essay, artiklar og bøker belyst mange tema i norsk kulturhistorie generelt og skriftkultur spesielt. Samlingane hans inneheld eit stort, men ukjent tal unika



Nynorsk kultursentrum



som ikkje vil finnast verken i Nasjonalbiblioteket eller andre offentlege institusjonar, heller ikkje i norske museum. Særleg gjeld dette massespreidd barnekultur som spenner vidt frå klassiske barne- og bildebøker til brett- og kortspel, men også eit stort utval av anna skriftkultur som bildebøker og norsk bruksgrafikk (emballasje, brosjyrar, postkort, bokmerke, brevmerke, kort- og brettspel, reklame, trykksaker for barn o.l.).

Ein stor del er populærkultur i industrialismens tid, ein annan del er barnekultur, ein tredje del er publisistikk. Særleg viktig har det vore for han å kunne dokumentere samanhengar mellom modernitet og industrialisme på nynorsk. Å sjå berre ein flik av samlingane hans er å få ei heilt anna forståing av breidda og djupna i ein skriftkultur enn det som til vanleg blir omtalt når skriftkultur er tema.

5 Staden og bygningane

Ekteparet Einar og Liv Marit Økland bur i Einar Øklands veg 136 i Valevåg, Sveio kommune. Hus og eigedom er særskilt godt vedlikehaldne med ein vakker og imponerande velstelt hage.

Våningshuset frå 1915 blei påbygt til generasjonsbustad i 1980-åra. På garden, som var barndomsheimen, er samlingane fordelte lang vegg og i trappeløp i tre hus – våningshuset, løa og ei gammal grindløe som seinare er blitt vinterisolert.

Ekteparet planlegg no ettertida, og dei vil ordne alt medan dei sjølv er friske og har råderett over det dei eig og vil bu der så lenge dei kan. Garden er skild frå og overteken av sonen, med velvillig innstilling frå Sveio kommune.

6 Disposisjon for forprosjektet

Forprosjektet skal utgreie moglege modellar for rollefordeling og samarbeid mellom museum, institusjonar, fagmiljø og offentlege instansar:

1. Bakgrunn
2. Tilstandsvurdering av bygningar og anlegg
3. Inventarliste for samlingane
4. Planlegging for ettertid
5. Organisasjonsmodellar
6. Samarbeidspartnerar, ansvarsfordeling og samarbeidsmodellar
7. Driftsmodellar
8. Økonomi
 - Investeringsbehov
 - Drift
 - Vedlikehald
 - Samlingsforvaltning
9. Skrive- og studiestad og aktuelle stipend for kunstnarar og forskarar
10. Modellar for formidling
 - Tilrettelegging for publikum
 - Kulturarrangement
 - Undervisning, studiar, seminar
 - Digital formidling
 - Film og audiovisuelle forteljingar
11. Framdriftsplan
12. Tilarádingar



7 Oppgåvefordeling og framdrift

Vi legg opp til ei klar oppgåvefordeling.

Sunnhordland Museum kartlegg tilstand gir faglege vurderingar og tilrådingar for bygningar, anlegg og drift. Dette inkluderer vedlikehald, tilsyn og avtale med familien om bruk og ansvarsfordeling. Museet avklarar også Sveio kommune si rolle og samarbeid med skular og bibliotek.

Nynorsk kultursentrum utarbeider ei inventarliste over samlingane i nært samarbeid med Einar Økland og avklarar ansvars- og oppgåvefordeling inn mot Nasjonalbiblioteket, Universitetsbiblioteket i Bergen, høgskular og universitet. Dette inkluderer samlingsforvaltning og tilrettelegging for forsking og studiar og formidling.

Korleis skrive- og studieopphald skal organiserast og finansierast, samarbeider institusjonane om gjennom dialog med Hordaland fylkeskommune og forfattar- og forskingsmiljø.

Når det gjeld arrangementsprofil, digital formidling og undervisning, vil begge musea dra vekslar på erfaring og kompetanse i arbeidet med innovative løysingar.

Tidsrom	Oppgåve	Ansvar
Sept-okt 2017	Saksførelegg og styrehandsaming i NK og SHM	NK + SHM
Nov-des	Kartlegging bygg og anlegg	SHM
Nov-des	Samlingsoversyn og ansvarsfordeling	NK
Feb-juni 2018	Modell for skrive- og studieopphald	NK
Feb-juni	Samarbeidspartnarar og organisasjonsmodell	NK + SHM
Juni	Temarelatert arrangement i Økland-huset	SHM
Okt	Utkast prosjektrapport	NK
Des	Handsaming prosjektrapport i styra i NK og SHM	NK + SHM
Feb 2019	Presentasjon prosjektrapport til fylkeskommune	NK + SHM
Juni	Prosjektrelatert publikumsarr. i Økland-huset	SMH + NK

I samarbeid med fylkeskommunen kunne vi tenke oss å arrangere eit ope kulturarrangement i Økland-huset og hagen sommaren 2019. Dette som eit konkret moglegitheitsscenario av korleis anlegget kan nyttast til kulturformidling m.m.

8 Samarbeid med Sveio kommune

Det har også vore god tilslutning til prosjektideen i formøte med vertskapskommunen Sveio. Sunnhordland Museum vil søke om kommunale midlar i 2018 til eit oppfølgingsprosjekt.

Det vil særleg handle om å samkøyre formidlingstiltak i Økland-tunet med nabohuset Fartein Valen-heimen, utarbeide informasjonsmateriell, styrke den regionale formidlinga av sunnhordlandsforfattarane si rolle i norsk litteratur, og å vurdere framtidig driftsmodell i samarbeid med Sveio kommune.

9 Prosjektleiing og ansvar

Det er unikt at to museum i to fylke samarbeider om eit slikt prosjekt. Det blir eit tett samarbeid, men vi vil også sikre ei tydeleg prosjektleiing. Nynorsk kultursentrum v/Hauge-senteret tek på seg den oppgåva og svarar for bruken av midlane og rapportering.

Utover det som alt er nemnt, fordeler dei to institusjonane arbeidsoppgåver og budsjettpostar mellom seg etter nærmare avtale.



10 Budsjett forprosjekt

Prosjektbudsjettet er sett opp ut frå erfaringstal for liknande arbeid.

Inntekter

Tilskot Hordaland fylkeskommune	240 000
Eigendel Nynorsk kultursentrum	75 000
Eigendel Sunnhordland Museum	75 000
Sum	390 000

Kostnader

Kartlegging og tilstandsvurdering bygningar og anlegg	75 000
Inventarliste og samlingsvurdering	75 000
Utgreiingsarbeid	150 000
Reiser og opphold	45 000
Administrasjon	25 000
Uføresette kostnader	20 000
Sum	390 000

11 Institusjonelle avklaringar

Styra i Nynorsk kultursentrum og Sunnhordland Museum drøfta saka første gongen i 2016 og var positive til å arbeide vidare med prosjektet. Leiinga ved musea har følgt opp arbeidet på grunnlag av desse positive vedtaka. I Nynorsk kultursentrum har også rådet med representantar for alle stiftarar og partnarar drøfta saka og konkludert positivt.

Styra drøftar saka med jamne mellomrom, langt på veg på grunnlag av felles saksførelegg. Neste gong er hausten 2017. Tyngdepunktet vil då vere det forprosjektet vi her søker om midlar til og ei strategisk utdjuping av dei problemstillingane som melder seg i arbeidet.

Skulle føresetnader endre seg undervegs, informerer vi straks Hordaland fylkeskommune om dette.

Vi svarar gjerne på spørsmål og vonar på ei positiv avgjerd.

Ulvik / Stord, 21. august 2017

Geir S. Netland
dagleg leiar
Olav H. Hauge-senteret

Håvard Tvedte (s)
direktør
Sunnhordland Museum



Nynorsk kultursentrum

